



Forureiningstilsyn ved Golsfjellet avløpsanlegg Inspeksjonsrapport nr. 2010.086.I

Postadresse:	Gol kommune, 3550 Gol	Dato for inspeksjonen:	28. oktober 2010
Besøksadresse:	Golsfjellet	Førre inspeksjon:	-
e-post:	postmottak@gol.kommune.no	Arkivnr.	10/7738
Org. nr.:	964 952 612		
Kommune:	0617 Gol		
Kontaktperson:	Hossein Karganrood		
Tilstede fra verksemda:	Hossein Karganrood, nestleiar avdeling VA Bjarne Storebråten, driftsoperatør Arnfinn Listøen, driftsoperatør	Tilstede fra Fylkesmannen:	Irene Tronrud Håkon Dalen

1. Rapportens innhald

Rapporten omhandlar avvik, merknader og andre forhold som vart avdekka ved inspeksjonen.

2. Hovudkonklusjon

Vi fann tre avvik ved inspeksjonen. Avviket gjaldt manglar ved risikovurderinga, manglande rutinar for å kontrollere tap frå avløpsnett og manglande mål for funksjonskrav på avløpsnett.

Golsfjellet avløpsanlegg har krav til reinsing av fosfor og organisk stoff (sekundærrensing). Anlegget oppfylte reinsekrava for fosfor og for organisk stoff i 2008 og i 2009.

Rapport utarbeidet dato: 19. november 2010

Godkjent dato: 19. november 2010

3. Innleiing

Fylkesmannen i Buskerud gjennomførte 28. oktober 2010 forureiningstilsyn ved Golsfjellet avløpsanlegg i Gol kommune. Tilsynet vart gjennomført som ein inspeksjon. Føremålet med inspeksjonen var å følge opp verksemda i daglig drift, og blant anna sjå på verksemdas internkontroll og finne ut om anlegget har kontroll på overløp av ureinsa kloakk. Inspeksjonen er ein del av ein landsomfattande kontrollaksjon på avløpsanlegg i regi av Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) og Fylkesmennene.

Rapporten omhandlar avvik som vart avdekket ved inspeksjonen, innan områder der Fylkesmannen er forureiningsmyndigheit. Rapporten gjev altså inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeid eller miljøstatus ved Golsfjellet avløpsanlegg.

Avvik definerast som brot på krav fastsett i eller i medhald av forureiningslovgivinga.

Merknad definerast som eit forhold som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeke for å ivareta miljøet og som ikkje omfattas av definisjonen for avvik.

4. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for inspeksjonen var:

- Lov nr. 6 av 13. mars 1981 om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift nr. 931 av 1. juni 2004 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift nr. 930 av 1. juni 2004 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift nr. 1127 av 12. juni 1996 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Utslippstillatelse for avløpsvann inkl. overvann frå Gol kommune av 9. januar 2002.

Oppdatert lovverk er tilgjengeleg på www.lovdatab.no. Sjå òg www.regelhjelp.no.

5. Omfang

Hovudtema for inspeksjonen var å:

- sjå om verksemda har innført og utøvar internkontroll, og vurdere innhaldet i deler av internkontrollen
- følge opp verksemdas reinseresultat
- finne ut korleis verksemda kontrollerer overløp frå avløpsnett

For nærare spesifisering, sjå skjema i vedlegg 1.

6. Resultat

Avvik 1

Det var manglar ved risikovurderinga for avløpsanlegget.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd punkt 6.

Kommentarar

Golsfjellet avløpsanlegg hadde ved tilsynet ei dokumentert risikovurdering for avløpsnett og reinseanlegget. Men fare for innlekking av framandvatn på avløpsnett var ikkje teke med i lista over hendingar som kan føre til uønska/ulovleg forureining.

Verksemda må inkludere fare for innlekking av framandvatn på avløpsnett i risikovurderinga si, og samstundes dokumentere ein årsaksanalyse og ein konsekvensanalyse for denne mulige hendinga.

Avvik 2

Verksemda hadde ikkje rutine for å oppsummere og vurdere tap av ureinsa kloakk frå avløpsnett.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd punkt 7, jamfør verksemda utsleppløyve punkt 2 og forurensningsforskriften § 14-5.

Kommentarar

Verksemdas utsleppsløyve tillet tap av maks 6 % ureinsa avløpsvatn frå avløpsnett kvart år. Verksemdas representantar kunne ved tilsynet dokumentere at dei har innført og etterlever rutinar for å måle/talfesta tap av ureinsa kloakk frå avløpsnett. Men verksemda mangla rutinar for å summere desse tala, og for å vurdere om kravet om maks tap frå avløpsnett vert oppfylt. Tal for tap frå avløpsnett bør oppsummerast regelmessig, til dømes ein gong kvar månad og i tillegg årleg, slik at eventuelle korrigerande tiltak kan gjerast innan rimelig tid. Verksemda må syte for å få desse rutinane på plass, og inkludere dei i internkontrollen sin.

Avvik 3

Verksemda har ikkje sett eigne mål for funksjonskrav på avløpsnettet.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd punkt 7, jamfør forurensningsforskriften § 14-5.

Kommentarar

Golsfjellet avløpsanlegg hadde ikkje fastsett eigne mål for funksjonskrav til avløpsnettet, som til dømes:

- måltal for maks innlekking/utlekking
- måltal for minste tilføringsgrad
- måltal for overløpshendingar: maks tal på timar/overløpsmengder

Drift av avløpsnettet i samsvar med forurensningsforskriften § 14-5 føresetjar at verksemda set seg mål på desse områda.

7 Vedlegg

1. Oversikt over områder som vart dekket ved inspeksjonen, 2 s.

Vedlegg 1

Følgjande områder vart dekkja ved inspeksjonen:

Hovudtema		Sjekka
A. Internkontroll		
	1. § 4 Plikt til internkontroll	X
	2. § 5.1 Ha tilgjengelig/ha oversikt over lovverk og krav	
	3. § 5.2 Opplæring av og informasjon til arbeidstakerne	X
	4. § 5.3 Medvirkning fra arbeidstakerne	
	5. § 5.4 Implementerte og dokumenterte mål for miljøarbeid	X
	6. § 5.5 Implementerte og dokumenterte ansvars-, myndighets- og organisasjonsforhold	X
	7. § 5.6 Dokumentert risikovurdering, planer og tiltak	X
	8. § 5.7 Implementerte og dokumenterte rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav	X
	9. § 5.8 Dokumentert tilsyn og vedlikehold av IK-systemet	X
	10. § 6 Samordning	
B. Prosessanlegg	Karakterisering	
	1. Utslipp regulert i krav, luft	X
	2. Utslipp regulert i krav, vann	X
	3. Utslipp ikkje regulert i krav, luft og vann	
	4. Utslippskontroll luft	
	5. Utslippskontroll vann	X
	6. Drift av utslippsrelatert prosess og reinseutstyr	X
	7. Vedlikehald av utslippsrelatert prosess og reinseutstyr	X
	8. Utsleppsreducerande tiltak og installasjonar	X
	9. Støy	
	10. Diverse	
C. Produksjons-/forbruksavfall		
	1. Ulovlige utslipp til luft og vann frå deponi	
	2. Ulovlige avfallstypar som vert levert til behandling/deponi	
	3. Utslipps- og avfallskontroll ved deponi	
	4. Drift og vedlikehald av deponi	
	5. Utsleppsreducerande tiltak og installasjonar ved deponi	
	6. Kjeldesortering	
	7. Forskrift om registrering av avfallshandtering	
	8. Forskrift om brunt papir	
	9. Forskrift/avtale om kasserte dekk	
	10. Forskrifter/avtaler om emballasje	
	11. Anna regelverk som regulerer produksjons-/forbruksavfall	
	12. Diverse	

Hovudtema		Sjekka
D. Farlig avfall		
	1. Levering og deklarerer av farlig avfall (avfallsforskriften §§ 11-8 og 11-12)	
	2. Lagring og merking av farlig avfall (avfallsforskriften § 11-5)	
	3. Forskrift om miljøskadelige batteri og akkumulatorar	
	4. Spilloljerefusjonsordninga	
	5. Forskrift om grensekryssende transport av avfall	
	6. Forskrift om forbrenning av spillolje	
	7. Rammekrav (typar avfall, mengder, type prosess) for innsamlarar/behandlingsanlegg for farlig avfall	
	8. Krav til innsamlarar/behandlingsanlegg for spesialavfall om journalføring og samarbeidsavtale med Norsas	
	9. Anna regelverk som regulerer farlig avfall og handtering av farlig avfall	
	10. Diverse	
E. Kjemikalier		
	1. Lagring av kjemikalier (produktkontrollloven § 3, forurensningsloven § 7)	
	2. Kjemikalieinformasjon råvarer/ferdigvarer (produktkontrollloven § 3)	
	3. Helse- og miljøfaremerking (forskrift om klass., merking mv. av farlige kjemikalier – merkeforskriften)	
	4. Forskrift om sikkerhetsdatablad	
	5. Deklarering til Produktregisteret (merkeforskriften)	
	6. Regelverk for ozonreducerande stoff	
	7. Forskrift om forhåndsmelding av nye stoffer	
	8. Forskrift om eksport/import av visse farlige kjemikalier	
	9. Forskrift om vurdering og kontroll av risikoer ved eksisterende stoffer	
	10. Begrensningsforskriften	
	11. Substitusjon/utfasingskjemikalier	
	12. Anna kjemikalierregelverk	
	13. Diverse	
F. Beredskap		
	1. Varslingsplikt	
	2. Risikoanalysar	X
	3. Personellressursar	
	4. Materiellressursar	
	5. Opprydding/overvaking etter akutte utslipp	
	6. Beredskapsplan	
	7. Diverse	
G. Diverse		
	1. Endringsbehov i utsleppsløyva	X
	2. Eigenrapportering	
	3. Uhellsrapportering	